

## Møteprotokoll Eldrerådet

**Møtedato:** 13.06.2023

**Møtestad:** Kommunehuset - kantina

**Møtetid:** 16:15 - 18:30

Felles orientering om demensplanen for begge råda, fra 16.15, ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson.

Andre saker i Eldrerådet

- Bustadsak (med saksframlegg)
- Eldredagen (Gro og Rigmor)
- Vesttun gard, tilbod til eldre?
- TT-kort-ordninga, kort om regelverket og søknad/tildeling.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ketil Tjore

---

Austrheim 20. juni 2023

Gro Vigdis Johannessen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
014/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
015/23	Godkjenning av møteprotokoll
016/23	Orienteringssak
017/23	Bustader for eldre i Austrheim

## **014/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **13.06.2023 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **ER - 014/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **015/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **13.06.2023 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **ER - 015/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **016/23: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **13.06.2023 ELDRERÅDET**

Arbeidet med demensplanen.

- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson orienterte om arbeidet med demensplanen, herunder utfordringsbildet for Austrheim framover med tanke på at det vert fleire eldre samanlikna med det totale innbyggjartalet.
- Presentasjonane ligg ved protokollen.
- Råda får planen tilbake til første møte etter ferien, for ei politisk handsaming og sjanse til å komma med innspel.

Eldredagen 2023, Gro Johannessen orienterte om planlegginga som ho og Rigmor Ludvigsen har stått for.

- Johannessen orienterte om programmet, med gudsteneste først og deretter samling på samfunnshuset.
- Seier ja til tilbodet frå Austrheim samfunnshus på 620 kroner per kuverten.
- Semje om at eigendelen vert sett til 350 kroner.
- Resten er Eldrerådet med og finansierer, saman med at Frivilligsentralen er med på nokre av utgiftene, som underhaldning, lyd, blomar, mat til dei som underheldt og liknande.
- Underhaldninga er ved Veslemøy Fluge Berg med band.

Vesttun gard, mogleg tilbod til eldre

- Gro Johannessen orienterte om kontakten med Mathias Sætre om å ta i bruk Vesttun gard som tilbod til eldre.
- Mathias Sætre: «Praktiske aktivitetar for eldre. Litt historie. Vesttun gard har sidan 2003 vore med i ulikt samarbeid for ungdom. Me har aktiv drift m. ammeku, treverkstad og drivhus. Garden er registrert og godkjent i stiftinga INN PÅ TUNET. Me har tidlegare hatt samarbeid med skulane og frå psykiatrien i Austrheim kommune. Elles kan ein nemna aktivitetar som sløydkurs, for skulelevar, og med kulturskulen, seniorsløyd, dreiekafe og kurs i tredreiing med Vestlandske folkekunstlag. Dei siste åra sløyddag i skulen sin haust og vinterferie i lag med ungdomsklubben. Spørsmålet er om Austrheim kommune eller lag/ grupper kan vera med på eit samarbeid om praktiske aktivitetar for eldre på Vesttun gard som kan vera med på og femja trivsel og meistring i godt vaksen alder.

Dersom dette er noko å tenkja meir på, kan de koma på garden og sjå, synsa og tenkja høgt.»

- Innspelet vart diskutert i Elderådet, og det var semje om at dette er noko dei ser positivt på, men at rådet ikkje sjølv kan stå for tilbodet. Eldrerådet vil senda innspelet vidare til Frivilligsentralen for eit mogleg nytt tilbod der, og vil i tillegg peika på at dette kan vera ein del av kommunen sitt omsorgstilbod til heile aldersspekteret, både til barnehageborn og skulelevar i den yngste enden, og opp til den eldste gruppa som personar med demenssjukdommar.
- Rådet stiller seg positiv til at ein kan få til noko her, og stiller seg bak på lik linje med måten ein støtta datakurset som Frivilligsentralen har hatt tidlegare.
- Møtesekretären svarer ut til Mathias Sætre, og sender også over til Frivilligsentralen og kommunen elles.

TT-kort-ordninga, kort om regelverket og søknad/tildeling.

- Gro Johannessen viste til dagens fylkeskommunale praksis for tildeling av TT-kort, med tanke på kven som har fått ja og kven som har fått nei.
- Her er forskriftera som gjeld for TT-ordninga i Vestland fylkeskommune:  
<https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/forskrift-om-tt-ordninga-vestland/>
- Semje i rådet om at dette er noko ein vil sjå nærare på fram til neste møte, og ta opp på nytt då.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

**ER - 016/23 VEDTAK:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

**017/23: Bustader for eldre i Austrheim**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Eldrerådet ber om at kommunen gjer ei kartlegging av behovet er for bustader for eldre i Austrheim, og brukar desse opplysningane i det vidare arbeidet.

**13.06.2023 ELDRERÅDET**

Leiar i rådet, Gro Johannessen, orienterte om bakgrunnen for at Eldrerådet har oppe denne saka om bustader for eldre. Saman med medlem Ivar Bergsvik har Johannessen delteke på fleire møte i regi av fylkeskommunen kring emne som Leve heile livet, og rådet ønskjer at kommunen arbeider vidare med spørsmålet kring bustader som er tilrettelagde for eldre.

- Med bakgrunn i dette, og med innspel frå Ivar Bergsvik og Gro Johannessen, har administrasjonen utarbeidd eit saksframlegg, med særleg vekt på at kommunen må gjera ei kartlegging av kva folk ønskjer seg som bustad når dei vert eldre.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om den kartlegginga som han sjølv har sett i gang opp mot lokale utbyggjararar.

- Kommunen har for ein del år sidan gått ein runde med Lindåsneset pensjonistlag, med tanke på kvar eldre på Kaland/Fonnes ønskte å bu når dei vart eldre.
- Kanskje litt overraskande ville dei som var med i undersøkinga bu i eit område midt på Kaland, dei ville bu der det var folk, flatt og god tilkomst, nærleik til servicetilbod som buss med meir.
- Kommunen har i ettertid omregulert dette området frå næring til bustad, og har deretter tatt ei masseutskifting der samstundes som ein skifta ut VA-anlegget som gjekk over arealet.
- Dette arealet trengs å løftast ein halvmeter, så kan det støypast ringmur og setta i gang.
- Kommunen eig allereie eit areal ved Fonnes Senter som ligg tett ved dette området, og som kan vera ein parkeringsplass.
- Ser også på om ein kan bygga bustader tilknytt ein ny sjukeheim.
- Samarbeider med Husbanken, som har komme med innspel på at det må kallast bustader med livsløpsstandard og ikkje eldrebustader.
- Ser for seg finansiering gjennom Husbanken, fleire av verksemndene har alt samarbeid med Husbanken på andre prosjekt.
- Har sett konkret på to areal ved Mastrevik, på framsida av Sætremarka, og eit areal som Furuly (sanitetsslaget) har sikra seg frå ein privat eigar.
- Etter annonsering har seks byggefirma meldt si interesse, fire frå Alver og to frå Austrheim.
- På Kaland kan ein bygga 12 einingar, ved Sætremarka 8-12 einingar, og ved Furuly er det plass til 8 einingar.
- Gode tilbakemeldingar frå verksemndene som var med.
- Verksemndene har fått frie tøyler til å sjå for seg om dei skal eiga det sjølv, om kommunen skal eiga eller anna. Nokre har gitt innspel på at dei kan bygga og ta vedlikehaldsansvar dei første ti åra.
- Ser at dersom kommunen bygger så får ein 25 prosent MVA tilbake. Bakdelen er at kommunen ikkje bør låna meir, med tanke på at det skal byggast ny sjukeheim.

- Ordføraren skal kalla inn igjen verksemndene for ein prat, og så vil ein ta dei mest interessante prosjekta inn til Husbanken.
- Vil også sondera om det er interesse mellom dei eldre for å leiga bustad til den prisen som dessefår.
- Prosjektet vil komma til handsaming/høyring til både folkevalde og andre interessantar.
- I tillegg til dette har Kystlandsbyen komme med innspel på at dei vil bygga eit leilegheitsbygg bak Mastrevik Torg, 33 leilegheiter frå 43-44 kvadratmeter til 93/94 kvadratmeter.
- Om plassering sa Lerøy at det for kommunen sin del er bra å ha slike bustader tett på kommunesenteret, eller sentralt på Kaland.

Reidar Øksnes spurte om arealkrav med tanke på hjelpemiddel, her svara Per Lerøy at dette ligg i krava frå Husbanken, med snusirkel for rullestol og liknande.

Ivar Bergsvik spurte om det vil komma skisser med plassering på tomtene, her svara Per Lerøy at det vil nok bli illustrert.

Gro Johannessen og Solveig Hopen viste til at storleiken vil bety mykje for ein del, at det er plass nok til både hjelpemiddel og til barnebarn som vil komma på besøk.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**ER - 017/23 VEDTAK:**

Eldrerådet ber om at kommunen gjer ei kartlegging av behovet er for bustader for eldre i Austrheim, og brukar desse opplysningsane i det vidare arbeidet.

---